



Entrepreneur og Tømrarverksemd

VISJON:

HEILSKAP
OG KVALITET

Osterfjordv.124
5914 Istdalstø

Org.nr :
982 231 345

epost: post@reigstadbygg.no

heimeside: www.reigstadbygg.no

Dagleg leiar:
Geir Reigstad:
 92 60 82 35
geir@reigstadbygg.no

Bygg

Fagleg leiar:
Håkon Reigstad
 92 60 82 36
hakon@reigstadbygg.no

Fagleg leiar
byggesak og
prosjektering:
Kjell Reigstad
 97 74 79 64
kjell@reigstadbygg.no

Teikning
Prosjektering,
Byggesak
Nybygg
Tilbygg
Bustad
Garasjar
Hytter

Entrepreneur

Fagleg leiar
Rolf Reigstad
 90 03 97 61
rolf@reigstadbygg.no

Graving,
Boring
Sprenging
Transport
Støyping
Natursteins
Muring
Uteareal
Grøntareal

Til

**Naboar og
Kommunen**

Knarvik, 24.03.2021

Orientering om tiltak: planering av område BB5 Kubbaleitet reguleringsplan gbnr 137/185 mfl.

Nabovarsel via Altinn.

Dersom du ikkje har merknader, treng du ikkje gjere noko (heller ikkje kvittere i Altinn)

Dersom du har kommentarar, spørsmål eller lurer på noko i samband med dette tiltaket eller anna i samband med utbygginga, ta gjerne kontakt med oss på epost kjell@reigstadbygg.no eller tlf 977 47 964. Vi svarer gjerne.

Dersom du har konkrete merknader til dette tiltaket kan det sendast via Altinn eller på epost til oss. Eventuelle merknader vert tatt med i byggesaken som vert sendt kommunen.

Innleiing

Me har nett starta arbeidet med bygging av bustad 5 på gbnr 137/803 (bygg 1 på område BB2), seinare i år vert det også oppstart av bustad 6 og 7 (bygg 2 og 3) på same område.

Vi ser det som gunstig for bebruarar, arbeidarar og andre naboar at så mykje som mogeleg av dei nærliggande tomteområda vert sprengt ut og planert før det vert flytta inn.
 Dette går både på støv, støy men også anleggstrafikk.

Tiltaket/søknaden her gjeld berre planeringa, sjølv om det også er vist enkle omriss av garasje/parkeringskjellar og bygg. Det vert sendt ut eige nabovarsel/byggesak for bygningar seinare.

Planering skaper gode tilhøve for HMS i prosjekta.

I samband med arbeid både med VVA prosjektet og seinare byggeprosjekt på BB2 i løpet av 2021 og 2022/23, samt og vidare utbygging innan planen, vil det vere behov for riggpell for utstyr, materiell og mannskap. Då er det fint med ein stor flat plass.

Sprenging og planering.

BB5 er tenkt nedsprenget til kote + 19,5, dette er berekna ut i frå ei maks byggehøgd bygg på +36,5 i samsvar med reguleringsplan.

Området er tenkt mellombels planert på kote ca + 20 til ca 21 /føl stigning til veg o_V5 og elles naturleg terregnavslutning. Delar av området vert då lett tilgjengeleg frå vegen.

Sikring av skjæring

Før arbeidet tek til vert området sikra med fastmontert/permanent klaresikkert sikringsgjerde ved skjæringstopp. Min høgd vil vere 1,2 m (rekna frå overkant). I anleggsfasen vil det i tillegg vere anleggsgjerde (rød plast) som viser fare/anleggsområde (er der i dag). Mot nabo i nord 137/773 vil anleggsgjerde (h=2m) med duk forlengast til også å dekke grense mot BB5.

Vidare vert også sett opp fleire skilt i området som vil markere at dette er anleggsområde.

Mellombels omlegging anna infrastruktur

Straum og fiber på stolper i området kan verte mellombels flytta. om dette ikkje er lagt i grøft innan den tid.

Rystsesmålarar

Det vert utplassert rystsesmålarar på dei nærmaste bygningane. Vi tek kontakt på førehand.

Varsling

Sprenging vert varsla på vanleg måte med sirene. Ved arbeid tett mot gbnr 137/773 vil det gjerast i dialog med dei.

Massehandsaming.

Det vil vere ein del overskotsmassar. Desse vert bortkjørt til godgjende deponi/ andre anleggsområde i nærleiken som har behov for stein. Det kan og i perioden verte nyttat knuseverk, slik planen legg opp til, i så fall vert det sendt ut eige orientering.

Tidsplan planering.

Vi er litt usikker på oppstart, men ein kan rekne med kontinuerleg arbeid ca 5 mnd. Vi planlegg i alle fall for at heile området ferdig utsprengt pr. 01.01.2022
Området planlagt grovplanert ferdig ca 01.03.2022

Arbeidet vil i hovudsak pågå i normal arbeidstid mån- fredag 07.00- 15.00.

Anna planlagt framdrift for Kubbaleitet.

Det er sansynleg at område BB4 også vert planert ut i same tidsrom som BB5.

Oppstart bygg 6 og 7, hausten 2021 (bygg nr. 2 og 3 område BB2)

Ferdigstilling bygg 5, ca februar 2022 (bygg nr. 1 BB2)

Samstundes vert veg/fortau, kyststi og den største leikeplassen/ballbane ferdigstilt.


Ferdigstilling bygg 6 og 7 til sumaren 2023.

(Framdrift: med alle moglege etterhald)

Ta gjerne kontakt om noko er uklart!

Med vennleg helsing

For Reigstad Bygg og Eigedom as



Kjell-A. Reigstad

Ansvarleg søker